

# Norges fyrste miljøsertifiserte landsleir

BORGHILD GUDMESTAD

borghild@strandbuen.no

På landsleiren var miljø hovudtema, og dette var Norges fyrste miljøsertifiserte landsleir. Mange grupper hadde med seg fantasirike konstruksjonar for bruk av vind- og solkraft i leiren.

– Alle fekk prøva seg i å laga små vindmøller, og me hadde på førehand laga i stand eit system for søppelhandtering i gruppa, fortel gruppeleiar Hans Erik Haver frå KFUK-KFUM Jørpeland.

Det speidarane på Jørpeland kanskje hugsar best er haiken, då dei var vekke frå leiren eit døgn og overnatta ute under presenning. Nokon var på strandhaik, og gjekk lang tur langs strendene, mens dei fleste var på kanotur og opplevde motvind og stiv kuling, slik at dei hadde stort strev med å koma seg fram. Dei måtte slepast av motorbåt delar av turen.

Før leiren lanserte KFUK-KFUM-speidarane kampanjen «Grønn speider», der speidaren blei oppfordra om å gje eit løfte om å spara miljøet gjennom ulike tiltak. Rundt 1.925 speidarar gav eit slikt løfte.

– Miljøet er eit viktig tema for speidarrørsla som er opptatt av å vera ute i naturen. Det er kjempeflott at så mange speidarar har brukt leiren til gje Grønn speiderløftet. Det aller viktigaste er at me har planta nokre verdiar og haldningar hjå speidarane som dei tar med seg heim til foreldre, sysken og venner, seier leirsjef Karen Marie Engeseth.

Landsleir er staden der ein møter speidarar både frå Norge og andre stader i verda, og mange nye vennskap blir til.

**KALDDUSJ:** Hannah får seg ein kald-dusj. (Alle foto: Hans Erik Haver)

Miljøet var i høgetet då KFUK-KFUM-speidarane hadde sin årlege landsleir på Lista. 21 speidarar var med frå Jørpeland KFUK-KFUM. Laurdag hadde dei siste leirdagen blant 5.000 andre deltakarar.



**I TELT:** Frå overnattinga på haiken: Patruljane Grevling og Skunk, frå venstre Espen, Simon, Jonas, Tarald, Johannes, Runar, Henrik og Einar Johan.



**MIDDAG:** Jørpelandsgjengen i middagen. Framme frå venstre Espen Tjøtta, Henrik Lidegran ved sida av. På andre sida av bordet sit Serina Nag og heller i saft.